

Bergen kommune
Etat for plan og geodata
Postboks 7700
5020 BERGEN

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykkar ref.:
201302901-23/714/MROD 201125114/132

Bergen, 29. mai 2013

Bergen kommune – Høyring av konsekvensutgreiing og trasevurdering for reguleringsplan for Bybanen Bergen sentrum – Åsane – Fråsegn

Vi viser til brev av 12.03.2013 der ovannemnde sak vart lagt fram til høyring og offentleg ettersyn.

Saka vart lagt fram for Samferdselsutvalet 22.05.13, Kultur- og ressursutvalet 23.05.13 og i Fylkesutvalet 24.05.13 sak 153/13.

Fylkesutvalet fatta følgjande **vedtak**:

1. *I sentrum – delområde A, tilrår Hordaland fylkeskommune at alternativa 1Aa og 2Aa vert prioriterte i det vidare arbeidet. Endeleg val av trasé i sentrum føreset tilleggsutgreiingar, jf. Pkt. 4. For å etablere eit samanhengande kollektivsystem i Bergen, må det vere kort avstand mellom buss og bane med haldeplassar i sentrum.*
2. *I Sandviken – delområde B, vert alternativ 1Ba tilrådd som trasé.*
3. *I Åsane - delområde C, tilrår Hordaland fylkeskommune at 2C vert valt som trasé frå Eidsvåg til Åsane terminal, og at alternativ 1Cb og 2C til Vågsbotn vert prioritert i det vidare arbeidet. 1Cb kan anten kombinerast med utviding av dagens terminal, eller med ny terminalaktivitet på C-tomta. Endeleg val av trasé i sentrumsområdet føreset grundig vurdering av planar for framtidig vegnett og at det ved vurdering av plassering for kollektivterminal vert vektlagt at lokalvegnettet ikkje skal verta unødig høgt belasta. Fylkeskommunen vil oppmøde om at det i det vidare arbeidet og vert lagt til rette for god koordinering med pågående arbeid med innfartsparkering for Bergensområdet.*
4. *Hordaland fylkeskommune ber om tilleggsutgreiing knytt til følgjande:*
 - a. *Konsekvensane av tiltaket med omsyn til kulturminne og kulturmiljø knytt til mogleg barrieverknaden ved Bybanen over Bryggen. Utgreiinga skal også vurdere verknaden for den overordna bystrukturen med allmenningar, med vekt på kulturmiljøet rundt Vågen og verdkulturminnet Bryggen, og bruken av Bryggen som offentleg tilgjengeleg byarena, historisk ferdselsåre og hamn.*
 - b. *Utgreiing av batteridrift som avbøtande tiltak for å unngå bruk av køyreleidningar og master over Bryggen.*
 - c. *Utgreiing av trasé 2Aa, med nedkjøringsrampe flytta frå Kaigaten til sør for Statens hus/ Nonnen.*
 - d. *Kartlegging av hydrogeologiske tilhøve og vurdering av risiko for endringar av grunnvasstanden i Sandbrogaten og Vågsbunnen.*
 - e. *Kartlegging og utgreiing av konsekvensane tiltaket i Sandbrogaten kan ha for kulturlaga og*

kulturminna i Sandbrogaten. Det same gjeld for løysing med vending av Bybanen ved Torget og ved Sandbrogaten.

- f. Kartlegging av konsekvensane for automatisk freda kulturlag og for kulturminne i sentrum av nasjonal verdi grunna eventuell omlegging av kommunal infrastruktur, røyr og kulverter under bakken.*
- 5. *Hordaland fylkeskommune tilrår ikkje traséalternativ 1Ab, 1Bb, 2Ab, 3Ba, 3Bb.*
- 6. *Hordaland fylkeskommune vil varsle mot varsle mot traséalternativa 1Aa, 1Ab, 1Ba, 1Bb, 2Aa, 2Ab, 3Ba dersom tilleggsutgreiingar eller tingingar med kulturminnemynde ikkje legg grunnlag for tilfredstilande løysingar.*
- 7. *For å sikre kontinuerleg utbygging av Bybanen i Bergen, ber Hordaland fylkeskommune om at naudsynt utgreiingsarbeid vert gjennomført så raskt som mogeleg.*

Vi ber om å få saka tilsendt for ny vurdering når utgreiingane er gjennomført.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
regionaldirektør

Vedlegg: Kopi av Særutskrift
Utskrift av saksframlegg m/vedlegg frå Riksantikvaren Bergens sjøfartsmuseum

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland
Riksantikvaren
Statens vegvesen